

VOSS KOMMUNE  
Postboks 145  
5701 VOSSDato: 27.05.2016  
Vår ref.: 2014/673-229  
Saksbehandlar: eliwarr  
Dykkar ref.: 6/00570

Att. Gunnhild Utkvitne

## Søknad om midlar til revidering av kulturminneplan for Voss i 2016 - Løyving av tilskot kr 100 000,-

Vi viser til søknad dagsett 03.03.2016 om kr 200.000,- i stønad til revidering av kulturminneplan for Voss kommune. Vedlagt er skjemaet **aksept for vilkår av tilskot** som må fyllast ut og returnerast til Kultur- og idrettsavdelinga.

**Søknaden vart politisk handsama av Utval for kultur, idrett og regional utvikling i møte den 10. mai 2016 i sak PS 79/2016. Utvalet vedtok å gje eit tilskot på kr 100.000,- av fylkeskommunale midlar frå budsjettpost 10.400.735.84 til Voss kommune for revisjon av kulturminneplanen og føring av kulturminne i Askeladden.**

Søknaden kom for seint til å vera handsama av Riksantikvarens tildeling i 2016. Vi tilrår at Voss kommune søkje igjen i 2017.

### Informasjon om samarbeidstiltak

I prosjektet *Kulturminnekompetanse i kommunane 2013-2016* samarbeider Hordaland fylkeskommune i nettverk med kommunane og musea for å utvikle felles kulturminnekompetanse. Vi vil sende ut informasjon om felles aktiviteter (samlingar, kurs mv) og ser fram nærare kontakt med kommunen dei neste åra. Vi tek gjerne i mot innspel om kva kommunen treng for å gjennomføre og ferdigstille kulturminneregistreringar og planarbeid. Vår kontaktperson er seniorrådgjevar Elizabeth Warren - [eliwarr@hfk.no](mailto:eliwarr@hfk.no).

### Vilkår for løyvinga

Det vert stilt krav om:

- Innlegging av prioriterte kulturminne i kommunen i Askeladden
- Politisk handsama revisjon av kulturminneplan  
Rapportering til fylkeskommunen om framdrift innan 01.09.2016 og utført arbeid innan 01.06.2017

Kommunen pliktar å underrette fylkeskommunen skriftleg dersom prosjektet ikkje kan gjennomførast etter planen. Fylkeskommunen tek atterhald om at midlane kan krevjast tilbake, heilt eller delvis, dersom prosjektet ikkje vert gjennomført etter føresetnadene.

### Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at De etter forvaltningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

### **Kontroll**

Fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskotsmottakar pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkrevd for sin kontroll.

### **Utbetaling - Krav om elektronisk faktura i EHF-format frå 1. januar 2015.**

Tilskotsmottakar vert i denne samanheng definert som Leverandør då dette er ei utbetaling. For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura (EHF) til Hordaland fylkeskommune.

Vi viser til krav som går fram av den reviderte forskrifta om IT-standard i offentleg forvaltning som regjeringa har vedtatt. Leverandørar til kommunar og fylkeskommunar vert pålagde å sende elektroniske faktura og kreditnota på standardformatet EHF frå 1. januar 2015.

Dette kan gjerast på to måtar:

1. For tilskotsmottakarar med eige fakturasystem, opprett ein EHF-faktura i og merk fakturaen med *saksnummer* og *ressursnummer*.
2. For tilskotsmottakarar utan eige fakturasystem, men med organisasjonsnummer, opprett ein brukar og send EHF-faktura via fakturaportalen Basware Supplier Portal (gratis).

Ved bruk av portal skal *saksnummeret* brukast som fakturanummer, og *ressursnummer* skal fyllast ut i feltet kjøpars referanse. *Link til fakturaportal* <https://bsp.basware.com/SupplierPortal/login.aspx>  
*Link til brukarretteiing* <http://www.hordaland.no/PageFiles/54618/Brukarretteiing%20til%20fakturaportal.pdf>

**Saksnummer: 2014/673-229**

**Ressursnummer: 400005**

**Beløp: kr 100.000,-**

Beløpet vil bli utbetalt når Hordaland fylkeskommune har mottatt og behandla EHF-faktura med korrekt merking med saksnummer og ressursnummer.

De har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Sandved  
kst. fylkeskonservator

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Aksept av vilkår for tilskot